

Eksamen

27.11.2018

BAT1002 Teikning og bransjelære / Tegning og
bransjelære

Programområde: Bygg- og anleggsteknikk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Alle oppgavene vert vektlagt likt. Kandidaten vert vurdert etter:</p> <ul style="list-style-type: none">• Forståinga av søknader, godkjenningar og teikningsgrunnlag for eit byggeprosjekt• Forståinga for helse-, miljø- og tryggleiksarbeid på ein bygg- og anleggsplass, og korleis enkle tiltak kan gjennomførast• Evna til å rekne ut enkle arbeidsoppgåver innan dei ulike bygg- og anleggsfaga

Oppgave 1

- a) Du har ei tomt som ikkje er utbygd. Kva slags teikningar og søknader må sendast til kommunen før du får setje i gang med bygging på denne tomte?
- b) Dei fleste bygg- og anleggsprosjekt blir sett ut på anbod. Kva meiner vi med omgrepet «anbod»?
- c) Det er viktig å inngå skriftlege avtalar mellom byggherre, også kalla tiltakshavar, og utførande entreprenør. Forklar kvifor.

Oppgave 2

- a) Snitt- og planteikningar er viktige innanfor alle faggrupper. Forklar skilnaden på ei snitteikning og ei planteikning.
- b) Ei teikning er i målestokk 1:100. Kva tyder det?
- c) Du som handverkar oppdagar ein feil på ei byggteikning. Kva gjer du med dette?
- d) På teikninga står det at modulmålet på ei dør er 9Mx21M. Kva tyder dette?

Oppgave 3

- a) Ein av faktorane for å få eit bygg- og anleggsprosjekt til å bli vellukka, er ein god framdriftsplan. Kva er ein framdriftsplan?
- b) Lag ein enkel framdriftsplan for eit tenkt arbeidsoppdrag i ditt eige fag.
- c) I anleggsbrakka heng det ein enkel riggplan. Kva viser han?
- d) Lag ein enkel riggplan ut ifrå ditt eige fag og behov.

Oppgave 4

- a) Før oppstart av eit bygg- og anleggsprosjekt skal det gjerast risikovurderingar. Kva tyder det?
- b) Du oppdagar at det er fleire farar som kan ende med at nokon kan skade seg på byggeplassen. Kven kontaktar du for å melde frå om dette?
- c) Det er krav til personleg verneutstyr i alle faggrupper. Kva slags personleg verneutstyr er påkravd i faget ditt?

Oppgave 5


På kvart bygg- og anleggsprosjekt vert det mykje bygningsavfall. Det vert stilt store krav til korleis ein skal handtere dette.

- Kva meiner du er fordelene med å kjeldesortere bygningsavfall?
- Korleis vil kjeldesortering kunne påverke arbeidsmiljøet på byggeplassen?
- Ta utgangspunkt i eige fag. Set opp ein plan for kjeldesortering.

Oppgave 6

Du får ei enkel skisseteikning av arbeidskollegaen din. Han vil at du skal rekne ut desse aktuelle måleiningane:

- Omkrinsen i meter. Vis utrekning.
- Arealet i kvadratmeter (m^2). Vis utrekning.
- Lengda på diagonalen i meter. Vis utrekning.
- Høgda i dette rommet er 2400 mm. Vis ved utrekning kor mykje m^3 luft som er i rommet.



Skissa er ikkje i målestokk

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Alle oppgavene vektlegges likt. Kandidaten vurderes etter:</p> <ul style="list-style-type: none">• Forståelsen av søknader, godkjenninger og tegningsgrunnlag for et byggeprosjekt• Forståelsen for helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid på en bygg- og anleggsplass, og hvordan enkle tiltak kan gjennomføres• Evnen til å beregne enkle arbeidsoppgaver innen de ulike bygg- og anleggsfagene

Oppgave 1

- a) Du har en ubebygde tomt. Hvilke tegninger og søknader må sendes til kommunen for å få satt i gang bygging på denne tomten?
- b) De fleste bygg- og anleggsprosjekter blir satt ut på anbud. Hva menes med begrepet anbud?
- c) Det er viktig å inngå skriftlige avtaler mellom byggherre, også kalt tiltakshaver, og utførende entreprenør. Forklar hvorfor.

Oppgave 2

- a) Snitt- og plantegninger er viktige innfor alle faggrupper. Forklar forskjellen på en snittegning og en plantegning.
- b) En tegning er i målestokk 1:100. Hva menes med dette?
- c) Du som håndverker oppdager en feil på en byggetegning. Hva gjør du med dette?
- d) På tegningen står det at modulmålet på en dør er 9Mx21M Hva betyr dette?

Oppgave 3

- a) En av faktorene for å få et bygg- og anleggsprosjekt til å bli vellykket, er en god fremdriftsplan. Hva menes med en fremdriftsplan?
- b) Lag en enkel fremdriftsplan for et tenkt arbeidsoppdrag i ditt eget fag.
- c) I anleggsbrakka henger det en enkel riggplan. Hva viser denne?
- d) Lag en enkel riggplan ut ifra ditt eget fag og behov.

Oppgave 4

- a) Før oppstart av et bygg- og anleggsprosjekt skal det foretas risikovurderinger. Hva menes med dette?
- b) Du oppdager at det er flere farer som kan ende med at noen kan skader seg på byggeplassen. Hvem kontakter du for å melde fra om dette?
- c) Det er krav til personlig verneutstyr innen alle faggrupper. Hvilke personlige verneutstyr er påkrevd innenfor ditt eget fag?

Oppgave 5


På et hvert bygg- og anleggsprosjekt bli det mye bygningsavfall. Det stilles store krav til hvordan dette skal håndteres

- Hva mener du er fordelene med å kildesortere bygningsavfall?
- Hvordan vil kildesortering kunne påvirke arbeidsmiljøet på byggeplassen?
- Ta utgangspunkt i eget fag. Sett opp en plan for kildesortering.

Oppgave 6

Du får en enkel skissetegning av arbeidskollegaen din. Han vil at du skal beregne disse aktuelle måleenhetene:

- Omkretsen i meter. Vis utregning.
- Arealet i kvadratmeter (m²). Vis utregning.
- Lengden på diagonalen i meter. Vis utregning.
- Høyden i dette rommet er 2400 mm. Vis ved utregning hvor mye m³ luft som er i rommet.



Skissen er ikke i målestokk.



www.vigoiks.no/eksamen